

Haugesund 24.09.2007

Sosial- og Helsedirektoratet
Universitetsgata 2
Postboks 7000
St Olavs Plass
0130 Oslo

Vedr. medisinsk systemansvar for akuttmedisinske tenester.

Helse Fonna arbeider for tida med å etablere avtaler om samhandling i dei akuttmedisinske tenestene med den enkelte kommune området. I den samheng har det dukka opp ei problemstilling omkring ansvarstilhøve og fordeling av desse.

Vi vil først referera følgjande frå Helsetilsynet si tilsynssak i samband med "Skrova-saken"

Frå tilsynssaka mot Nordlanssykehuset:

"Det er ikke i lov eller forskrift stilt kvalifikasjonskrav til ledere i helsetjenesten. Det er således opp til eier og leder av virksomheten å vurdere hvem som er best kvalifisert for stillingen. Dersom kravet til forsvarlighet gjør det nødvendig, skal det utpekes en medisinskfaglig rådgiver. Plikten til å utpeke medisinskfaglig rådgiver vil være aktuell dersom lederen ikke har nødvendig medisinskfaglig kompetanse. Dette må vurderes konkret. Dersom lederens kompetanse, organisering, systemer og kompetanseforhold for øvrig sikrer at de nødvendige medisinskfaglige råd trekkes inn i beslutningsprosessen, er det ikke nødvendig å utpeke egne medisinskfaglige rådgivere, jf. spesialisthelsetjenesteloven § 3-9.

For AMK-sentraler vil dette forde at det er definert en medisinsk systemansvarlig lege, dersom leder av sentralen ikke er lege. Dennes rolle vil være å sikre at helsepersonell har nødvendige kvalifikasjoner, at det utarbeides og oppdateres rutiner og skriftlige prosedyrer for den medisinske virksomheten og at det føres tilsyn og kontroll øvrig helsepersonells virksomhet jf. helsepersonelloven § 5."

Frå tilsynssaka mot AMK –operatøren:

"Ved håndtering av medisinsk nødmelding vil systemansvarlig lege ved AMK-sentralen være å anse som behandlingsansvarlig lege inntil annen lege overtar dette ansvaret. I den grad legevaktslege blir utkalt i forbindelse med behandling av pasient med akuttmedisinsk tilstand utenfor sykehus, vil denne legen som hovedregel være å anse som behandlingsansvarlig lege."

Følgjande spørsmål melder seg:

1. Er det nokon prinsipiell skilnad på AMK-sentralar og LV-sentralar med omsyn til behov for å ansette/utpeike medisinsk systemansvarleg lege? Etter vårt syn nei, i og med at det er element av diagnostikk (vurdering av hastegrad) og behandling (rådgjeving) uansett om innringingen kjem via 113 eller LV telefon. Dermed må den enkelte kommune utpeike medisinsk systemansvarleg lege for LV sentralen og for betjening av LV telefonen. Kommunelege 1 i kommunane hevdar seg å vera rådgjevar og er ikkje automatisk å sjå på som systemansvarleg. Dette betingar etter vårt syn at kommunane må utpeike ein bestemt systemansvarleg lege for Legevaktstenestene, herunder LV-telefonen. Er dette korrekt tolka?
2. Denne systemansvarlege lege vert behandlingsansvarleg når sjukepleiar eller anna helsepersonell utan legeutdanning mottok LV telefon og føretek ei vurdering av hastegrad og evt. gir medisinske råd, jfr ledd 2 over ?
3. Dersom kommunen kjøper tenesten "Mottak av LV-telefon" av Helseføretaket, kven har då systemansvaret? I Helse Fonna vert LV telefonen for nokre kommunar ivaretatt av AMK sentralen, for andre kommunar ivaretek Akuttmottaket ved Stord sjukehus eller Intensivavdelinga ved Odda sjukehus

Helse Fonna

P.Boks: 2170
5504 Haugesund
Foret.nr: 983 974 694
Bank. 3201.15.00241

Kontaktinfo:

Sentralbord: 52 73 20 00
Telefaks: 52 73 20 02
post@helse-fonna.no
www.helse-fonna.no

Fakturaadresse:

Helse Fonna HF
Regnskap, P.Boks 64
5751 ODDA
Tlf: 52 73 20 00

Besøksadresser:

Haugesund:	Karmsundsgt. 120, 5528 Haugesund.	Tlf: 52 73 20 00
Stord:	Tysevegen 64, 5416 Stord.	Tlf: 53 49 10 00
Odda:	Sjukehusvg. 1, 5750 Odda.	Tlf: 53 65 10 00
Valen:	Sjukehusvg. 26, 5451 Valen.	Tlf: 53 46 64 00

denne funksjonen. Kommunane meiner det er vanskeleg for dei å ivareta systemansvaret direkte, at dei meir har eit "tilsynsansvar" dvs at dei får dei tenestene som dei kjøper av Helse Fonna, men at Helse Fonna syter for at dei er kvalitetssikra. Det vil vera vanskeleg for ein systemansvarleg lege i kommunene å ivareta eit systemansvar innad i Helse Fonna og AMK/LVsentralen vil måtte forhalde seg til mange systemansvarlege (dei formidlar LV telefonar frå mange kommunar).

Sit den utpeika legen i kommunen framleis med systemansvaret (og behandlaransvaret), eller kan helseføretaket ivareta systemansvaret ved å utpeike systemansvarleg lege også for LV telefonen?

Leif Landa
Overlege/Medisinsk systemansvarleg
AMK og Ambulansetenesten
Klinikk for Kirurgi og Akuttmedisin
Helse Fonna
leif.landa@helse-fonna.no

Helse Fonna

P.Boks: 2170
5504 Haugesund
Foret.nr: 983 974 694
Bank. 3201.15.00241

Kontaktinfo:

Sentralbord: 52 73 20 00
Telefaks: 52 73 20 02
post@helse-fonna.no
www.helse-fonna.no

Fakturaadresse:

Helse Fonna HF
Regnskap, P.Boks 64
5751 ODDA
Tlf: 52 73 20 00

Besøksadresser:

Haugesund:	Karmsundsgt. 120, 5528 Haugesund.	Tlf: 52 73 20 00
Stord:	Tysevegen 64, 5416 Stord.	Tlf: 53 49 10 00
Odda:	Sjukehusvg. 1, 5750 Odda.	Tlf: 53 65 10 00
Valen:	Sjukehusvg. 26, 5451 Valen.	Tlf: 53 46 64 00